



ÅMLI KOMMUNE

- BYGDA FOR ALLE



Vedtekter for Åmli barnehagar

Vedtatt i kommunestyret 13.12.2012, sak K 12/185
Endringsvedtak i kommunestyret 21.12.2015, sak K 15/185

INNHALD:

1	Eigar	3
2	Formål	3
3	Foreldreråd og samarbeidsutval	3
4	Opningstid	4
5	Planleggingsdagar	4
6	Leike- og opphaldsareal	4
7	Opptak - Oppseiing	4
	7.1 Opptak	4
	7.2 Reglar for opptak - opptakskriterier	4
	7.3 Oppseiing	5
	7.4 Opptakskrets	5
	7.5 Klageadgang	5
8	Årsplan	5
9	Økonomi	5
10	Foreldrebetaling	5
11	Anna	6
12	Gyldighet	6

1 Eigar

Åmli kommune eig og driv dei kommunale barnehagane i Åmli, som er Beverborga barnehage og barnehageavdelinga i Dølemo Oppvekstsenter. Dei to barnehagane er organisert under same barnehageleiar.

2 Formål

Barnehagen drives i samsvar med Lov om barnehager med forskrifter, herunder Rammeplan for barnehagar og kommunale vedtak.

Formålsparagrafen i barnehagelovas § 1 er overordna for verksemda:

Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.

Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering

3 Foreldreråd og samarbeidsutval

Samarbeidsutvalet for Beverborga barnehage har følgjande samansetning:

- 1 representant m/vara frå foreldra/føresette
- 1 representant m/vara frå dei tilsette
- 1 politisk vald m/vara.
- Barnehageleiar (som er utvalets sekretær)

Samarbeidsutvalet for Dølemo Oppvekstsenter har følgjande samansetning:

- 1 representant m/vara frå undervisningspersonalet
- 1 representant m/vara frå dei tilsette i barnehagen/SFO
- 1 representant m/vara frå foreldra i skulen
- 1 representant m/vara frå foreldra i barnehagen
- 1 politisk vald
- Rektor/barnehageleiar (sekretær)

Barnehagen skal ha eit foreldreråd som består av alle foreldre/føresette til barna. Det bør vere minst 1 foreldrerådsmøte i løpet av barnehageåret. Foreldrerepresentantane i samarbeidsutvalet utgjør arbeidsutvalet til foreldrerådet.

Samarbeidsutvalet skal vere et rådgjevande og kontaktskapande organ.

Dølemo Oppvekstsenter inkluderer skule og SFO og har derfor også eit felles miljøutval. Dette har lik samansetning som Samarbeidsutvalet.

Dei fire foreldrerepresentantane i Samarbeidsutvalet ved Dølemo Oppvekstsenter utgjør foreldras arbeidsutval (FAU). Ei samla foreldregruppe utgjør oppvekstsenteret sitt foreldreråd. Leiar av Samarbeidsutvalet (ein representant for foreldra) er leiar for alle desse brukarutvala.

4 Opningstid

- Kommunestyret fastsett barnehagens opningstid.
- Barnehageåret er frå 01.08 – 31.07 kvart år.
- Dagleg opningstid ved Beverborga barnehage er frå kl. 07.00 – kl. 16.30.
- Dagleg opningstid ved Dølemo Oppvekstsenter er frå kl. 7.30 – kl. 16.30.
- Ferie:

Alle barn i barnehagen skal ta ut 4 veker ferie kvart år. Tre veker skal vere samanhengande. Den fjerde ferieveke kan delast opp i enkeltdagar. Føresette må spesifisere når feriedagar takast ut. Dei som skal begynne i 1. klasse må ha tatt ut sin 4. ferieveke innan 1. august det året dei begynner på skulen. Barnehagane har stengt dei 3 siste vekene i juli. Det må minimum vere 5 barn påmeldt for at barnehagen skal halde opent. På Dølemo må det til saman frå SFO og barnehagen vere 5 barn påmeldt for at barnehagen skal halde opent. Dette gjeld også i andre ferieperiodar. Sommarferien må meldast frå til barnehagen innan 15. april inneverande år.
- Barnehagen er stengt julaften, nyårsaften og onsdag før skjærtorsdag.

5 Planleggingsdagar

Barnehagen har 5 planleggingsdagar i året. Barnehagen har stengt desse dagane.

6 Leike- og opphaldsareal

Gjeldande reglar, (departementets vegleiande) for barns leike- og opphaldsareal skal følgjast.

7 Opptak - Oppseiing

7.1 Opptak

- Søknad om opptak / endring av dagar, skal utføres elektronisk på kommunens heimeside: www.amli.kommune.no
- Rådmannen står for samordna opptak. Søknadsfrist er 1. mars.
- Hovudopptak skjer frå 1. august.
- Det er fortløpande opptak gjennom heile barnehageåret.
- Opptaket gjeld, dersom plassen ikkje vert oppsagt, fram til skulestart.

7.2 Reglar for opptak - opptakskriterier

- 1) § 12a. Rett til plass i barnehage. Barn som fyller ett år senest innen utgangen av august det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage fra august i samsvar med denne loven med forskrifter. Barnet har rett til plass i barnehage i den kommunen der det er bosatt. Kommunen skal ha minimum ett opptak i året. Søknadsfrist til opptaket fastsettes av kommunen. Dersom barnehagen har plass og kapasitet, dvs. at bemanninga ikkje må aukast, kan barn som fyller 1 år etter 1. september få plass

- 2) §13 i barnehagelova
- Barn med funksjonshemningar eller andre særskilde behov etter tilråding/uttale frå sakkunnige.
 - Barn med vedtak etter lov om barnevernstenester §§ 4-12 og 4-4 andre og fjerde ledd.

7.3 Oppseiing

- Oppseiing av plass etter 1. april blir ikkje innvilga, unntatt ved flytting, sjukdom eller arbeidsløyse.
- Oppseiingsfristen er 1 måned gjeldande frå den 1. i månaden.
- Oppseiinga skal vere skriftleg og sendast til barnehageleiar.

7.4 Opptakskrets

Opptakskrets for Beverborga barnehage og Dølemo barnehage er innbyggere i Åmli kommune, med bostedsadresse i kommunen gjeldende fra den dato de skal begynne i barnehagen. Ved ledig kapasitet kan barn frå andre kommunar tilbys plass, men berre for eitt år av gonga. Åmli kommune og barnet sin heimkommune må gjere ein avtale i høve til refusjon.

7.5 Klageadgang

Formannskapet er klageinstans for opptak, oppseiing og endring av plass.

8 Årsplan

Barnehagen er forplikta til å ha ein årsplan (Barnehagelova §2). For barnehagane i Åmli blir dette ivaretatt på følgjande måte:

- Årsplan gjeldande for to barnehageår om gonga, her med overordna satsingsområde. Denne godkjennast av samarbeidsutvalet kvart år.
- Aktivitetskalender for kvart barnehageår med gjeldande tema for året.

9 Økonomi

Barnehageleiar utarbeidar forslag til budsjett som leggst fram for samarbeidsutvalet til uttale.

10 Foreldrebetaling

Kommunestyret fastsetter betalingssatsar for opphald og kost i barnehagen. Disse vurderas årlig i forbindelse med budsjettbehandlninga. Gjeldande satsar er i tråd med retningsgjevande maksimalsatsar og vert regulert i tråd med endringa av desse. I Åmli kommunale barnehagar gis det tilbod om 40, 60, 80 el. 100 % plass pr. veke.

- Eitt barn betalast med full sats.
- Barn nummer to får 30 % moderasjon
- Tredje og fleire barn får 75% moderasjon.
- Kostpenger omfattes ikkje av søskenmoderasjonen
- Dersom barnet er borte meir enn 1 veke, og det vert levert legeattest, skal det ikkje betalast ut over den eine veka.
- Elles skal ein betale om barnet er sjukt eller borte frå barnehagen.
- Ved for sein henting av barn blir føresette fakturert med kr. 100 per påbegynt kvarter.
- Foreldrebetalinga skjer den 30. i kvar måned.

- Barn med psykisk eller fysisk funksjonshemming får trekk i brukarbetaling for den eventuelle hjelpa dei får av spesialpedagog, jf. opplæringslova § 5-7.
- Ein kan kjøpe enkeltdagar i barnehagen når dette er muleg. Dette kostar kr. 250,- per dag. Tilbodet gjeld dei som allereie har deltids plass i barnehagen.
- Betalingsssatsar for kost, gjeldane frå 1. oktober 2015
 - 100 % opphald kr. 300,- pr. mnd.
 - 80 % opphald, kr. 240,- pr. mnd.
 - 60 % opphald, kr. 180,- pr. mnd.
 - 40 % opphald, kr. 120,- pr. mnd.
 - 15,- kr pr. dagSatsane kan bli endra i løpet av barnehageåret
- Dei som ikkje betalar for opphaldet i barnehagen, kan miste plassen etter avgjerd frå rådmannen.
- Det kan søkas om reduksjon i foreldrebetalinga. Frå 1. mai 2015 skal ingen husholdningar betale meir enn 6 % av inntekta si for ein barnehageplass.
- Gratis kjernetid for 4- og 5-åringene. Frå 1. august 2015 har alle 4- og 5-åringar, og barn med utsatt skolestart, som bor i husholdningar med lav inntekt, rett til å få 20 timer gratis oppholdstid i barnehage per uke.
- Inntektsgrensen for reduksjon i foreldrebetaling vedtas av Stortinget i forbindelse med det årlige budsjettarbeidet, på lik linje som maksimalprisen. Ordninga er søknadspliktig. Søknadsskjema for reduksjon i foreldrebetalinga, samt meir informasjon vedrørande kva moderasjonsordningar som finnes, finner du på Åmli kommunes sine heimesider; www.amli.kommune.no
- Elles visast det til NAV.
- Det gjøres oppmerksom på at Åmli kommune har innført fakturagebyr på utsendt faktura

11 Anna

På områder som ikkje er nemnt, følgjer ein gjeldande Lov om barnehagar og forskrifter.

12 Gyldighet

Endingar i vedtektene vedtas i kommunestyret og gjøres gjeldane frå og med 22. desember 2015. Formannskapet har fullmakt til å foreta kurante justeringar i vedtektene.